


Årsrapport 2020

Storfjorden kyrkjelege fellesråd



Innhald:

1.	Innleiing	s. 2
2.	Storfjorden kyrkjelege fellestråd	s. 2
3.	Personale	s. 4
4.	Vurdering av mål og tiltak i 2016	s. 6
5.	Driftsrekneskap	s. 8
6.	Investeringsrekneskap	s. 8
7.	Kyrkjegardar	s. 9
8.	Kyrkjebygg	s. 9
9.	Kyrkjestatistikk	s. 11
10.	Kyrkja i lokalsamfunnet	s. 13

1. Innleiing

Storfjorden kyrkjelege fellestråd er felles fellestråd for Stranda og Fjord kommunar. Den norske kyrkja vart eiga juridisk eining f.o.m. 01.01.2017. (RettssubjektetDnk) Kyrkja skal gje tilbod om gudsteneste, kyrkjelege handlingar, trusopplæring, diakoni, kyrkjemusikk og kultur i alle sokn i landet. Sokneråda vil i sine årsrapportar skrive om arbeidet som blir drive i den einskilde kyrkjelyd.

Gjennom kyrkjebygga og ved sitt nærvær i lokalmiljøet skal kyrkja formidle tru, gje identitet og bygge fellesskap.

Fellestrådet ynskjer å utvikle ein organisasjon som best mulig støttar sokneråda og den lokale kyrkjelyden sitt arbeid med å vere kyrkje for lokalbefolkninga.

2. Storfjorden kyrkjelege fellestråd

2.1. Medlemer

Fellestrådet er eit lovpålagt kyrkjeleg organ for den lokale kyrkja, som saman med soknerådet opptre på vegne av soknet. Fellestrådet har fått definert sitt ansvarsområde i Kirkeordningen for Den norsk kyrkje § 17: *«Kirkelig fellestråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen»*

Fellestrådet er ansvarleg for:

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- Anlegg, drift og forvaltning av gravplassar,
- Oppretting og nedlegging av stillingar som lønas av fellestrådet sitt budsjett
- Anskaffing og drift av kyrkjekontor,
- Anskaffing av lokaler, utstyr og materiell til konfirmantundervisninga.

Det er seks sokneråd i fellestrådområdet, og alle har vald ein representant til fellestrådet. Kvar kommune har ein representant i fellestrådet, samt at prosten i Nordre

Sunnmøre prosti er medlem. Slik utgjør fellesrådet seks sokneråds-representantar, to kommunale representantar, og prosten. Til saman 9 representantar. Fellesrådet har fylgjande valde representantar frå 30.11.19 – 30.11.23:

Medlemer	Kyrkjelyd og kommune	Varamedlem
Anne-Lise Aambakk Karlsen	Stranda sokneråd	Magnus Sæth
Ann Kristin Langeland	Sunnylven sokneråd	Gunnar Friestad
Øystein Maraak	Geiranger sokneråd	Anette Møll
Jostein Dalen	Liabygda sokneråd	Ola Lied
Mariann Gundersen Døving	Norrdal sokneråd	John Inge Smoge
Kjell Arne Midtbust	Stordal sokneråd	Hilde Dyrkorn
Olav Løvoll	Fjord kommune	Lars Kristian Øvrebust
Svein-Erik Rimstad	Stranda kommune	Torill Ansnes
Svein Runde	Prost	Øystein Braaten

2.2. Møte og saker:

Fellesrådet 2020-2023 har halde 5 møte i 2020 og handsama 33 saker. Dei viktigaste sakene har vore budsjett, rekneskapsrapportar, økonomiplan, revidering og godkjenning av diverse reglement for Storfjorden kyrkjelege fellesråd, høyringar i høve kyrkjeval og kyrkjeordning for Den norske kyrkja, rutinar for innhenting av politiattest.

2.3 Underutval:

Det er oppretta tre underutval til fellesrådet. Det er:

- a) **Arbeidsutvalet (AU)** består av leiar, nestleiar og prost, i tillegg til kyrkjeverja og økonomisjefen frå administrasjonen. Vararepresentant til AU er Mariann Gundersen Døving. AU er eit førebuaende utval som går gjennom sakene som skal til fellesrådet. Det var halde 5 møte i 2020.
- b) **Administrasjonsutvalet** (Partssamansett utval) har hatt 4 møte og handsama 4 saker.

Utvalet sine medlemmer 2020-23:

Medlemer	Verv
Anne-Lise A. Karlsen	Leiar
Kjell-Arne Midtbust	Nestleiar
Svein Runde	Medlem
Martin Kristoffersen	Medlem arb.takar
Åse Stadheim	Medlem arb.takar
Varamedl.	
Ann Kristin Langeland	1.vara
Mariann Gundersen Døving	2.vara
Jostein Dalen	3.vara

Magne Eivind Glomnes	Vara arb.takar
Nils Morten Grønningsæter	Vara arb.takar

c. Forhandlingsutvalet.

Det var ikkje ført lokale lønsforhandlingar etter HTA kapittel 4 eller for leiarar i 2020.

Medlemer	Verv
Anne-Lise Aa.Karlsen	Leiar
Jostein Dalen	Nestleiar
Kjell-Arne Midtbust	Medlem

- d) Det er ikkje oppretta Arbeidsmiljøutval for denne perioden. Det er oppretta Arbeidsmiljøgruppe ved kyrkjeverje, tillitsvald og verneombod. Storfjorden kyrkjelege fellestråd fortsette avtalen med Bedriftshelsetenesta Avonova, tidlegare Stamina

3. Personale

Tal på årsverk pr. 31.12.2020 er 9,6

I løpet av 2020 har det skjedd fleire endringar i personalet:

- Kyrkjetenar i Stordal tilsett ny 01.03.20, som slutta 31.05.20. Vikarar engasjerte t.o.m. 31.12.20. Til ny tilsetning frå 01.01.21.
- Kyrkjetenar i Sunnlyven tilsett 01.02.20.
- Organist Stranda og Stordal sokn tilsett 01.05.20.
- Vikar trusopplærer tilsett 01.09.-31.12.20. Fast tilsetjing frå 01.01.21.
- Trusopplærer slutta i 50% stilling frå 01.01.21, etter langtids-sjukmelding
- Tilsett ung kyrkjetenar i Stranda frå september 2020.

Tilsette i Storfjorden kyrkjelege fellestråd og fagområder:

Tilsette og prosentstillingar:

Dan Høglund, 100 %	kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar
Nils Morten Grønningsæter, 100%	kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar
Renate Furre Henriksen-Sandvær, 20%	kyrkjetenar Sunnlyven kyrkje
Solgunn Seljehaug, 20%	kyrkjetenar Stordal kyrkje
Thea Brandli Korsnes, ca. 3 %	kyrkjetenar Liabygda kyrkje
Jon Atle Myren, ca 5%	kyrkjetenar Stranda kyrkje
Maria Temizi, ca. 3 %	reinhaldar Geiranger kyrkje
Jonas Støverstein, ca. 8%	reinhaldar Stranda kyrkje og kyrkjekontor
Eldrid Skrede, 3%	reinhaldar Sunnlyven kyrkjelydshus/kontor
Jan Olav Hesthaug, 70 %	rådgjevar kyrkjer, kyrkjegardar, gravferd
Carolin Eide, 80 %	kantor, Norddal, Liabygda, Stranda
Gunnar Inge Eide, 40%	kantor Geiranger, Sunnlyven

Ellen Karberg, 50%	kantor Stordal, Stranda
Martin Kristoffersen, 100%	trusopplærer
Laura Højlund, 50%	trusopplærer
Åse Stadheim, 70%	sekretær
Magne Eivind Glomnes, 100%	rådgjevar økonomi /ass.kyrkjeverje
Petra Riste Synnes, 100%	kyrkjeverje

Litt om organiseringa av tilsette sitt arbeid:

Nesten alle tilsette jobbar i alle sokna i Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Kyrkjetenarar og reinhaldarar er tilknytt lokalt, og organistane har sine sokn dei har hovudansvar for, men dei bytter innbyrdes slik at dei spelar i alle kyrkjer i løpet av eit år. Vi er glade for å ha med ungdomar i medarbeidarflokket, dvs. to kyrkjetenarar og ein reinhaldar.

Kyrkjegardsarbeidarane i heile stillingar tek seg av alle kyrkjegardane og har ansvar for all gravning ved gravferder. Desse har også ansvar for internkontrollen i alle kyrkjene, og reinhald og vedlikehald i nokre kyrkjer (der det ikkje er andre tilsette kyrkjetenarar). Det var tilsett sesongarbeidar med arbeidsstad Stordal kyrkjegard.

Fellesrådet er gravferdsmyndighet frå nyttår 2021, og Jan Olav Hesthaug organiserer alt som har med gravferder å gjere.

Administrasjonen ved kyrkjeverja, rådgjevar økonomi og sekretæren hjelper sokneråda med sakshandsaming og deltek på soknerådsmøta. Kyrkjeverja og rådgjevar økonomi er også sakshandsamarar for fellesrådet.

Trusopplærarane fyljer opp punkttiltak i alle sokna for barn og unge 0-18 år, samt samarbeider med barnehagar og skular i høve julevandring og påskevandring, og utdeling av biblar. I tillegg har Martin ansvar for konfirmantarbeidet saman med prestane. I 2020 har innleigd kateket frå Ålesund kyrkjelege fellesråd hatt konfirmantane i Stordal.

Likestilling:

Det er ei fin fordeling av kvinner og menn i dei ulike stillingane i fellesrådet, 10 kvinner og 8 menn.

Fråvær:

Sjukefråværet i 2020 er ganske likt med året før, og det handlar hovudsakleg om langtidssjukmelding. Dette er svært høgt i høve til måla som er sett for IA-arbeidet, som er å ligge under 3%. Til tross for koronapandemien som har herja nesten heile 2020, så har det vore få eigenmeldingar. Pandemien fekk særleg konsekvensar for tilsette med barn i barnehage og skule under nedstenginga. Regjeringa utvida antal omsorgsdagar for desse, og tilsette brukte tilsaman 30 dagar, som ikkje er teke med i oversikta over eigenmeldingar.

	Legemeldt sjukefråvær	Egenmeldt sjukefråvær	Totalt
2020	7,6 %	0,4 %	8,0 %
2019	7,6 %	0,8 %	8,4 %

Prestestillingar:

Øystein Braaten sokneprest i Stordal sokn, og deler seg mellom Stordal og Ørskog. I Norddal sokn er Morten Gravdal sokneprest, og er prest i Geiranger etter avtale. Geiranger har også hatt ein del prestevikarar. Frå august vart Jakob Højlund tilsett som prestevikar i Stranda og Sunnlyven. Han er prest under utdanning. Liabygda har stått utan fast prest siste året, men gudstenester og kyrkjelege handlingar vert ivareteke av vikarar. Svein Runde er prost i Nordre Sunnmøre prosti, og har kontor saman med Ålesund kyrkjeleg fellesråd. Prosten har ansvar for prestane i heile prostiet.

4. Vurdering av mål og tiltak i 2020

4.1. Trusopplæring:

Det har vore arbeidd målretta og godt slik at born og unge skal få vekse i trua si. I Storfjorden fellesråd vert trusopplæringa drive av to trusopplærarar i tilsaman 150% stilling, og av kantorar. I 2020 har aktivitetane i kyrkja vore sterkt ramma av pandemien, men likevel har fleire punkttiltak vorte utført av trusopplærarane og prestane gjennom heile året.

Dei tiltaka som ikkje vart gjennomført er dei som ligg i årshjulet i tida mellom Norge stengde ned den 12.mars og fram til sommarferien. Alle konfirmasjonane vart utsett til hausten, og med reduserte antal i kyrkjene vart konfirmantane inndelt i grupper, og det vart gjennomført tilsaman 15 konfirmasjonsgudstenester.

Det har vore utfordrande å skulle forholde seg til raske endringar i høve nasjonale smitteverntiltak. Likevel har det vorte utdelt bok for 2 åringar, 4 åringar og 6 åringar. Lys Våken var gjennomført i dei fleste sokna, samt julevandringar for barnehageborn før jul. Babysong og småbarnssong var dei kontinuerlege tiltaka som det har gått mest utover, men nokre samlingar har det vorte.

Så vi gleda oss over mykje positivt og kreativt arbeid som vert halde i sokna for born og unge i alderen 0-18 år. Aldersgruppa 15-18 år har pr. i dag tilbod om ungdomsklubbar i nokre bygder.

I 2020 var ein trusopplærar langtidssjukmeld, og frå 01.09.20 fekk vi tilsett vikar ut året.

4.2. Stabsutvikling og bedriftskultur:

Den største fordelten med felles fellesråd er i høve personalet. Det å kunne vere eit større arbeidsfellesskap har gode synergjar som å vere fleire like fagpersonar

som kan arbeide på tvers av soknegrensene. Vi erfarer at det i hovudsak er positiv haldning til å gjere jobb på ulike stader i fellesrådet.

Staben i Storfjorden møtast til stabsmøter vanlegvis ein gong i månaden, og i 2020 har vi også hatt nokre kombinerte møter der dei fleste møtast digitale på Teams, og nokre få samlast i møterom på Kyrkjestova. Sidan hausten har vi møtast til «tirsdayspraten», der dei kortsiktige sakene er på agendaen, dvs. dei konkrete utfordringane i høve kyrkjelege handlingar og aktivitetar dei komande dagane.

Vi ønskjer å arrangere minst ein heil stabsdag i året, der agendaen er hovudsakleg å auke og pleie det sosiale fellesskapet. I 2020 planla vi friluftstur, men veret hindra oss. Difor vart det ein halvdag inne på Kyrkjestova, som vi avslutta med felles lunsj.

4.3. Forholdet til kommunane

Fellesrådet har hatt ein god dialog og godt samarbeid med kommunane også i 2020. Det var halde felles budsjettsamtalar med Fjord kommune og Stranda kommune. Budsjettarbeidet vart utfordrande sidan kommunane ba oss om å redusere driftskostnadane med 2,5 % i høve budsjettsøknadane. I tillegg har kommunane lite å bidra med til investeringar, men ønskjer å vere i dialog om tiltak for å oppgradere kyrkjene. Dei oppfordrar fellesrådet til å satse på oppgradering av ei kyrkje i gongen og ikkje kun flikking på alle i løpet av eitt år.

4.4. Forholdet til sokneråda

Fellesrådet har ikkje fått god nok rutine i 2020 på rapportar frå sokneråda i sine møter.

Møtepunkt og dialog er viktig for å få samspelet til å fungere i eit fellesråd med seks sokn. Dette prøver ein å få til gjennom årlege Fellesmøter for sokneråda og fellesrådet sine medlemar. I 2020 fekk vi høve til å gjennomføre fellesmøte saman med innspelsmøte om ny kyrkjeleg organisering. Innspelsmøtet var oppretta av kyrkjerådet og prosjektgruppa som jobbar med ny kyrkjeleg organisering. Der fekk vi høve til å samtale om arbeidet i kyrkjelydane og kva ein savnar og kva ein kan samarbeide om i framtida. Soknerådsleiarane var også invitert til eit møte der framtidig strategi vart drøfta, og der ein konkluderer med å jobbe mot nokre felles arbeidsmål i fellesrådområdet.

I 2020 er sokneråda delt mellom oss sakshandsamarar, slik at alle sokneråda har sakshandsamar i møtet. I tillegg har kyrkjevevja dialog med alle soknerådsleiarane angående enkeltsaker.

4.5. Kyrkjelege fellesnemnder og strukturendringar

Dei kyrkjelege fellesnemndene som var oppretta for prosjekta nye fellesråd frå 1.1.2020, vart avslutta før årsskiftet 2020. Likevel har både kyrkjeverja og rådgjevar økonomi hatt mykje etterarbeid. Pandemien ga i tillegg nye utfordringar slik at det har teke tid å utarbeide og innføre nye rutiner for eit betre samspel innad i fellesrådområdet. Men ny dataplattform og digitale møterom har gitt oss nye muligheter i kommunikasjon, sakshandsaming og gjennomføring av møter.

4.6. Personalpolitikk

Fellesrådet vil gjennom sin personalpolitikk arbeide for at alle tilsette skal oppleve at dei har og gjer eit meningsfullt og viktig arbeid.

Fellesrådet skal vere ein god arbeidsgjevar med ryddige rutinar for å gje dei tilsette gode og føreseielege arbeidsforhold. Fellesrådet vidarefører som IA-bedrift og har utforma ein god livsfasepolitikk. Ved langvarige sjukmeldingar ønskjer ein å skaffe vikarar så det ikkje skal gå ut over andre og utover arbeidet. Eit godt arbeidsmiljø skapast gjennom fellesskap, samarbeid og å vise omsorg for kvarandre. Stabsmøter og ulike sosiale tiltak, samt festlege lag for alle tilsette er konkrete tiltak.

5. Driftsrekneskap

Rekneskapan for 2020 viser eit overskot på kr. 100.349,- som er avsett til disposisjonsfond. Forklaring på overskotet er at det har vore nokre vakansar og sjukemeldingar, og i tillegg meir inntekter på bl.a festeavgifter enn budsjettert. Straumutgiftene har vore låge i 2020, men det har også vore nokre postar som har hatt overforbruk i høve til budsjettet. Dette gjeld først og fremst avgifter (11950) og serviceavtalar/reparasjon (12400).

6. Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapan er avslutta i ballanse etter tilskot frå kommunane, sokneråd og bruk av fond i samsvar med budsjettet. Midlane som var til overs frå Stranda kommune i 2019 vart utbetalt og satt av til fond. Midlane vart brukt til å bygge handicap-toalett i bårehuset ved Stranda kyrkje, og reparere kyrkjetårnet utvendig. Orgelet i Stordal kyrkje vart reinsa og restaurert. Tilkomst for rørslehemma ved Norddal kyrkje er no godkjend, men arbeidet må vente til våren 2021. Fjord kommune har overført ubrukne midlar til dette prosjektet.

7. Kyrkjegardar

2020 har vore eit ordinært driftsår på kyrkjegardane/gravlundane.

Det fysiske arbeidet med omregulering av kyrkjegarden på Hellesylt er ikkje ferdigstilt.




Norddal kommune har i byrja reguleringsarbeid for å utvide eksisterande kyrkjegard i Valldal. Dette har stoppa opp i saksgangen. Fellesrådet har fleire gongar gjort kommunen merksam på at dette hastar, då det snart ikkje er ledige doble graver på kyrkjegarden.





Det manglar også reiskapshus/servicebygg i Valldal, og dette gjer arbeidet unødig tungt og tungvint på denne kyrkjegarden.

På dei andre kyrkjegardane/gravlundane er det utført vanleg drift og vedlikehald i 2020. Kjøleagregat i bårhuset i Stordal og i Stranda måtte skiftast ut.

Det vart berre gjort mindre innkjøp av materiell og reiskap til kyrkjegardane i 2020

8. Kyrkjebygg:

Kyrkje	Tilstand idag	Utførte tiltak i 2020
 Stordal (1907)	Ein del manglar i det elektriske anlegget. Målingsslite under vindu og på vestveggen. Noko avflassing innvendig måling.	Restaurert orgelet. Nye flomlys i LED
 Liabygda (1917)	Nokre vindu treng ny kitt. Dørene til bårerommet i underetasjen treng overhaling.. Manglar nødlys.	Rekkverk til rullestolrampen er montert. Soknerådet har ordna det. Brannvarsling til 110. Nye flomlys i LED.
 Sylte (1863)	Lager for kyrkjegardsutstyr manglar heilt. Rekkverk i gallerigangen bør sikrast/oppgraderast	Nye flomlys i LED.

 <p>Norddal (1782)</p>	<p>Dårleg drenering / delvis motfall mot nord. Manglar tilkomst for rullestol. Målingslite golv, benkar og dør på galleriet.</p>	<p>Arbeidet med trinnfri tilkomst er godkjend, arbeid må vente til våren 2021. Bårehuset er måla utvendig. Nye flomlys i LED</p>
 <p>Geiranger (1842)</p>	<p>Fleire dører går skeivt/tregt.</p>	
 <p>Sunnlyven (1859)</p>	<p>Manglar beslag mellom tårn og tak. Rekkverk galleriet. Løparen er sliten.</p>	<p>Brannvarsling til 110.</p>
 <p>Stranda (1838)</p>	<p>Fleire bresta/knuste glaseruter. Mykje skade på dekkbord under gesims. Mykje skada benkeputer. Stygt teppe i våpenhuset. Noko målingslite.</p>	<p>Tårntak er reparert. Toalett oppgradert med HC-toalett.</p>

I 2020 vart det gjort noko ordinært vedlikehald i kyrkjene, og prosjekta vi hadde fått tilskot til frå kommunane vart ferdigstilt ved utgangen av året. Trinnfri tilkomst i Norddal kyrkje vart utsatt fordi løyving til å gjennomføre prosjektet kom for seint på året, så kommuna overførte tilskota til neste år

9. Kyrkjestatistikk- KYRKJELYDANE SIN STATISTIKK 2018, 2019 og 2020

	År	Totalt	Liabygda	Stranda	Sunnylven	Geiranger	Norrdal	Stordal
Innmelde	2020	8	0	6	0	0	0	2
	2019	3	0	0	0	1	1	1
	2018	2	0	0	0	0	2	0
Utmelde	2020	11	0	7	2	1	1	0
	2019	11	1	5	0	0	5	0
	2018	14	0	7	0	1	5	1
Antal medlemar	2020	5327	166	2494	495	154	1286	732
Gudst. søn- og heilagdager	2020	122	13	23	22	13	31	20
	2019	149	11	30	22	22	39	25
	2018	163	16	35	21	23	40	28
Talet på frammøtte	2020	5233	215	1598	1372	405	1047	596
	2019	7434	414	2056	1464	798	1600	1102
	2018	9416	626	3164	1199	727	1914	1786
Gjennomsn sønd_ og helligdager	2020	43	17	69	62	31	34	30
	2019	50	38	69	67	36	41	44
	2018	58	39	90	57	32	48	64
Gudstenester utanom søn- og heilagdager	2020	24	2	8	0	1	9	4
	2019	39	4	10	5	7	6	7
	2018	26	0	5	5	2	8	6
Talet på frammøtte	2020	1328	47	583	0	32	526	140
	2019	3807	93	1444	388	322	944	616
	2018	2645	0	712	351	33	909	640
Gjennomsnitt alle Gudstenester	2020	45	17	70	62	31	39	31
	2019	60	34	88	69	39	57	54
	2018	64	39	97	60	30	59	71
Gudstenester m/nattverd	2020	72	7	15	9	9	16	16
	2019	113	11	22	15	17	24	24
	2018	106	8	21	16	18	22	21
Nattverdgjestar	2020	1099	76	550	111	49	137	176
	2019	2233	122	766	358	255	361	371
	2018	2177	91	699	359	268	337	423
Digitale gudst.	2020	11	1	2	2	1	2	3
Antal såg heile gt.	2020	420	40	80	80	40	80	100
Messefall Covid-19	2020	44	3	9+2skuleg	7+skuleg	5	10	6

Døyppte	2020	32	3	12	3	3	10	1
Busette i soknet		16	1	10	2	0	3	0
Døyppte	2019	46	1	18	7	2	15	3
Busette i soknet		30	1	16	4	2	7	0
Døyppte	2018	61	3	29	5	1	12	11
Busette i soknet		38	0	21	2	1	9	5
Konfirmerte	2020	70	3	27	8	0	20	12
	2019	61	3	22	5	2	17	12
	2018	76	4	28	9	0	22	13
Vigslar	2020	17	0	4	2	6	5	0
	2019	24	1	8	2	7	6	0
Gravferder	2020	72	2	32	8	1	19	10
	2019	83	5	33	5	3	24	13
Innsamla offer	2020	157697	10428	62008	14166	11714	39875	19506
	2019	291511	25548	91144	43160	16155	75602	39902
	2018	340368	27679	99450	38453	43105	85306	46375
Gjevarteneste	2020	32000	0	32000	0	0	0	0
	2019	68991	0	67072	1919	0	0	0
	2018	31500	0	31500	0	0	0	0
Andre innsamla midler og gåver	2020	85349	0	70394	970	885	13100	0
	2019	230186	0	116502	19857	0	82161	11666
	2018	238320	0	134308	0	9200	82446	12366

Denne årsstatistikken viser tala for siste 3 åra for sokna i fellesrådet. 2020 går inn i historia som eit svært spesielt år pga koronapandemien som herja frå midten av mars månad. Då vart 44 gudstenester avlyste (messefall), men i staden vart det laga 11 digitale gudstenester, og alle konfirmasjonsgudstenester, samt fleire vanlege gudstenester vart streama. Når vi legg til dei 44 gudstenester med messefall så var det planlagt 190 gudstenester totalt i sokna i Storfjorden i 2020. Dei digitale gudstenestene er rapportert inn med gjennomsnittleg 40 personar som såg heile opptaket av kvar. I påskehelga var det gjennomsnittleg 270 klikk inn på alle gudstenestene. Dette er eit bra tal!

Frammøte til gudstenestene

Dei seinare åra har omtrent alle kyrkjelydane flytta konfirmasjonsgudstenesta til laurdag. Dette etter ønske frå konfirmantforeldre mtp familiefesten etterpå. Med konfirmasjonar som kvardagsgudsteneste, vert talet på frammøtte til slike gudstenester større. I 2020 vart alle konfirmasjonsgudstenestene flytta til hausten, og for at konfirmantane skulle få ha med seg flest mogleg av familie i kyrkja, så vart det stelt til fleire gudstenester enn vanleg. Det vart gjennomført tilsaman 15

konfirmasjonsgudstenester i heile fellesrådet sitt område. Slik kan ein ikkje samanlikne 2020 med dei andre åra. I antal gudstenester på kvardagar er gudstenester med nattverd på institusjonar også teke med.

Antal frammøtte tilsaman

2020 med strenge smitteverntiltak og 1-meter-regelen, som førte til sterkt reduserte antal ein kunne samle i kyrkja, reduserte frammøtet sterkt. Difor er det vanskeleg å samanlikne 2020 med dei andre åra. Men trenden er tydeleg nedadgåande, så ein bør stille seg spørsmål om korleis ein kan auke oppmøtet?

Antal frammøtte og offerinntektene heng saman, og inntektene til sokna er også sterkt reduserte.

Nattverd

Det vart halde 7 fleire nattverdsgudstenester i 2019 enn i 2018, og antal nattverdsgjester auka med 56. 2020 kan ikkje samanliknast.

Medlemar, dåp og vigslar

I 2020 har mange utsett vigslar og barnedåp fordi ein ikkje har kunne halde store familieselskap. Vi har kontakt med fleire av desse mtp å melde seg når tilhøva endrar seg. I statistikken har vi teke med totalt antal medlemar i kyrkja i kvart sokn. Dnk har hatt ein medlemskategori dei kalla «tilknytt», som var udøpte born til foreldre som var medlemar i kyrkja. Desse er no ikkje medlemar lenger, men alle har fått høve til å melde seg til å delta i trusopplæringa. I Storfjorden er det kun to barn som har vorte såkalla «trusopplæringsabonnentar», og vert invitert til punkttiltak saman med borna som er døpte og dermed medlemar. Denne oppryddinga åleine har medført til nedgang i medlemstalet med 47.

10.Kyrkja i lokalsamfunnet

Mykje godt arbeid skjer i den einskilde kyrkjelyd. Kyrkja omrammar livet til dei fleste i våre bygder frå tre auser med vatn til tre skuffer med jord. Her imellom møter kyrkja menneska i ulike livssituasjonar, og vil gjerne vere med på å skape «Meir himmel på jorda». Kyrkja er ein sentral bidragsytar for at einskildmenneske skal fatte mot og mening, tru og engasjement. Sokneråda sine årsrapportar viser at dette har fokus i kyrkjelydane. Ei livskraftig kyrkje gjer bygdene våre til ein betre stad å bu.

Trusopplæringa vert gjennomført med punkttiltak for fleire aldersgrupper i alle sokna. Samarbeid med skulane er også viktig, og fungerer godt med julevandringar og påskevandringar, samt bibelkurs i samband med bibelutdelingar.

Diakonalt engasjement i kyrkjelydane, som også kan vere eit samarbeid mot andre lag/organisasjonar og kommunale organ, er svært viktig for å skape gode lokalsamfunn prega av nærleik, omsorg, identitet og kultur.

Kyrkjemusikalsk har vi dyktige kantorar / organistar som fyller kyrkjene våre med orgelmusikk til alle kyrkjelege handlingar. Dei står også for eit mangfaldig musikalsk arbeid i sokna med kor, konsertar og andre musikalske samkome.

Majoriteten av innbyggjarane i bygdene våre er medlemmer i Den norske kyrkja. Dei skal kjenne at Kyrkja er der i deira liv og kan utgjere ein forskjell. Fellesrådet ønskjer å vere med på å legge til rette for gode prosessar i alle sokna ved å verkeleggjere visjonen «Meir himmel på jorda.»

Anne-Lise Aambakk Karlsen
Fellesrådsleiar

Petra Riste Synnes
kyrkjeverje